



Anbjørn Høvik i arbeid på eit anna prosjekt - Festidalen

Under månadens møte i Uskedal Utvikling ikveld signalisera den nye leiar Anbjørn Høvik at han neste sesong kjem til å gå inn for mindre restriktive fiskereglar. Sjølv om elveeigarlaget denne sesong har praktisert ei stram line har fiskarane teke opp 472 kilo laks og aure og Per Bruvold har fått den største på 10 kilo. Den nye leiar sleg fast at det har vore ein god sesong og at resultatet truleg passerar 500 kilo før strek vert sett den 15, september. Elva er framleis på bedringens veg og Høvik vil truleg gå inn for vanleg sal av fiskekort.. Han kan ikkje førebels seia noko konkret om neste års reglar men seier til uskedalen.no at styret førebels er i ein innsamlingsfase når det gjeld erfaringar.

- Eg er ikkje overraska over dei gode fangstane, dei hadde eg venta. Derimot er eg overraska over at einkilde fiskarar ikkje vil offentleggjera fangstane sine. Og eg veit at fleire har fått fisk utan å meldedei inn. Eg vil oppmoda dei om å gjera det omgåande for dette er den einaste statistikken vi har og den er viktig for den vidare strategi.heldt han fram,



Per Bruvold har til no fått største fisken i år på 10 kilo

Dette var eit møte med oppsummering av sommaren og overskrifta kunne ha vore
BERRE FRYD OG GAMAN FOR USKEDALEN

Fleire fekk ros,mellom anna båtlaget for teltet og Spar for sitt aldri sviktande samfunnsengasjement som kjem lag og organisasjonar til gode

,Baneprosjektet var den andre hovudsaken og ved neste månadskifte skal teppet vere på plass etter grundige førebuingar, Samstunds går planleggjinga ellers sin gang og i dag har det vore synfaring med helselaget,

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto; Thor Inge Døssland